

**Tapte 4-2 for Laksevåg 2**

16.08.2011

**Rosendal-laget dominerte banespelet men tapte likevel 4-2 for Laksevåg 2. To uskedelinger spelte på laget - Tommy Røssland og trener Lars Johan Myklebust (frå det 65. minutt).**

Fleire av måla var gavepakker, opplyser trenaren som viser til personlege feil som gjorde at vertane scora på alle sjansane sine. Rosendal reduserte etter pause 2 gonger og burde minst ha scora enda eitt mål.

Fredag står Tornado Bergen for tur på Rosendal sin heimebane.

Også opprykkskandidatane Søre Neset og Solid mista poeng denne gongen.